



Emil Bringedal Holmsen frå Søreidgrend i Bergen saman med det eine hjorteskremselet på Skorpo

**Vi avsluttar ein serie gladsaker frå Skorpo med ein sak om hjorteskremselet til Johannes Hauge**

Alle har høyrte om fugleskremsel. Det kunne vera ein utkledd figur

eller noko som rista og blenkte i trea. For å halda fuglane borte frå frukttrea nytta ein og mykje maraskratla. Det var ei tunn fjøl svinga rundt ein kantut tein. Det laga skratlalyd.

Oppi Skorpo hos Jojannes Hauge finn vi to utkledde figurar for å halda hjorten borte frå bøen.

Hauge fortel til uskedalen.no at skremselet fungerer godt dei fyrste vekene. Etter kvart finn hjorten løysinga og går til åtak på figurane. Ei natt for kort sidan dansa hjortane rundt og fekk skremselet ned i kneståande. Då er nytteverdien over for denne gong.

Om eit år vert figurane påkledde og sett opp på nytt.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal